

NARKOTIKASTATISTIKK



AUKA TAL PÅ NARKOTIKABESLAG

I 2006 blei det registrert 21 356 narkotikasaker og 25 963 narkotikabeslag. Dette er det høgste talet saker og beslag på fire år. Berre i 2001 og 2002 er det registrert fleire saker og beslag av narkotika.

Men innbyrdes er skilnadene store mellom dei ulike stoffa. Både av cannabis og kokain er det gjort rekordmange beslag, medan talet på heroinbeslag er det lågaste på 15 år. Målretta aksjonar mot typiske brukarmiljø i fleire politidistrikt er truleg årsaka til at narkotikabeslaga totalt har auka i tal.

Hovudtrekk

Talet på beslag av cannabis er rekordhøgt og utgjør over 11 000 beslag. Bruken og utbreiinga av cannabis er derfor truleg høgare enn nokon gong. Det er også gjort rekordmange beslag av kokain, og mykje tyder på at bruken av kokain er større enn det som kjem til uttrykk i statistikken.

Beslaget av amfetamin og metamfetamin er rekordstort, både i samla mengd og talet på beslag. Den samla mengda stoff på 383,2 kg ruver i både nordisk og europeisk målestokk.



Det er beslaglagt store mengder heroin, mykje på grunn av eit svært stort enkeltbeslag gjort på Værnes lufthamn i Nord-Trøndelag (i underkant av 45 kg). Talet på beslag av heroin er likevel det lågaste på 15 år.

Både talet på beslag og dei beslaglagde mengdene benzodiazepin (BZD) viser at denne stoffgruppa er i vekst. Det er beslaglagt over 1 million tablettar med BZD i 2006. Einast i 2002 er det beslaglagt større mengder med BZD. Talet på beslag av BZD ligg framleis på eit normalnivå. Dei aller fleste beslaga har rot i illegal innførsel til landet. Misbruk av utskrivne lækjemiddel ligg framleis på eit marginalt nivå.

MENGD

I 2006 har beslagsmengdene auka for dei aller fleste stofftypene. Omfang og brukspotensial kan illustrerast slik:

- 1,5 tonn cannabis utgjør 1,5–3,0 millionar rusdosar
- 93 kg heroin utgjør anslagsvis 1,25–2,5 millionar rusdosar
- 1 million tablettar med benzodiazepin utgjør om lag 375000 rusdosar
- 384 kg amfetamin og metamfetamin utgjør anslagsvis 1,5 millionar rusdosar



Tal beslag fordelt på stofftyper

Stofftype	2002	2003	2004	2005	2006	Prosentvis endring frå 2005
Cannabis	10 921	10 397	10 066	10 128	11 283	+11,4
Amfetamin	5 037	4 578	4 149	4 410	5 025	+13,9
Metamfetamin	696	640	830	950	708	-25,5
Heroin	1 906	1 709	1 390	1 151	1 078	-6,3
Benzodiazepin	8 058	4 700	4 393	3 928	4 442	+13,0
Smertestillande	1 237	1 216	1 179	1 319	1 112	+15,7
Doping	697	726	755	713	667	-6,5
Kokain	577	504	489	685	708	+2,5
Ecstasy	693	405	456	341	389	+14,0
Khat	238	249	305	210	220	+4,7
LSD	15	31	31	34	27	-20,6
GHB	75	120	28	46	72	+56,0
Opium	14	7	18	16	18	+12,5
Spiss fleinsopp	46	71	58	51	78	+52,9

Heroin

– store mengder, men færre beslag

Det blei beslaglagt 93 kg heroin i 2006. Einast eitt år tidlegare er det beslaglagt så store mengder heroin (129 kg i 2004). Talet på beslag (1 078) fortsett derimot å minka, og heroin utgjør no berre 4,2 % av det totale talet på narkotikabeslag i Noreg. Til samanlikning utgjorde heroin om lag 20 % av det totale talet på narkotikabeslag i 1998.

Nedgangen i talet på heroinbeslag skjer samtidig med at stimulerande stoff som amfetamin, metamfetamin og kokain får auka utbreiing.

Det blei i 2006 gjort fem beslag over 1 kg. Politidistrikta som har beslaglagt dei største mengdene med heroin, er Nord-Trøndelag (44,93 kg), Oslo (23,07 kg), Østfold (21,48 kg), Hordaland (1,46 kg), Romerike (1,01 kg) og Sør-Trøndelag (0,29 kg). Desse seks politidistrikta har dermed beslaglagt 99,2 % av den totale mengda heroin. Den resterande mengda beslaglagt heroin – om lag 750 gram – fordeler seg på 18 distrikt.

Bortimot halvparten av den totale mengda beslaglagt heroin blei beslaglagt ved Nord-Trøndelag politidistrikt (44,93 kg). Beslaget blei funne i ein uhenta koffert på Værnes lufthamn. Dette er det nest største enkeltbeslaget av heroin som er gjort nokon gong. Beslaget bestod av to hovudtypar: 10,84 kg heroinklorid (styrkegrad på 63 %) og 34,1 kg heroinbase (styrkegrad på 26–31 %). Den siste stoffblandinga var dessutan tilsett andre rusgivande stoff som diazepam og fenobarbital.

Enkeltbeslag av heroin over 1 kg

Politidistrikt	Mengd	Styrke
Nord-Trøndelag	44,93 kg	26–63 %
Oslo	10,94 kg	31–36 %
Østfold	9,78 kg	41 %
Oslo	6,62 kg	21 %
Østfold	1,65 kg	45 %

Desse fem beslaga – med ei samla vekt på 75,9 kg – utgjør heile 82 % av den totale beslaglagde mengda heroin i 2006. Den gjennomsnittlege styrkeprosenten på heroin ligg på 29 %, og dette er relativt lågt sett i eit historisk perspektiv. Men styrkegraden varierer mykje frå beslag til beslag.

I 2006 blei det også påvist paracetamol og koffein i svært mange beslag, og rusgivande stoff som fenobarbital, diazepam, flunitrazepam og alprazolam finst i fleire av dei heroinhaldige stoffblandingane.

Kripos har ingen grunn til å tru at heroin er mindre tilgjengeleg no enn tidlegare.

Cannabis

– middels mengder og rekordmange beslag

Det blei beslaglagt 1 519 kg i 2006. Nokre år har ein beslaglagt atskilleg meir, som for eksempel i 2003 (2 292 kg). Derimot vert cannabis beslaglagt oftare enn nokon gong. Det blei gjort 11 283 beslag av cannabis i 2006.

21 politidistrikt – inkludert nær alle større politidistrikt – har

gjort fleire beslag enn i 2005, og mange politidistrikt har hatt ein auke på 20–80 % i talet på beslag av cannabis samanlikna med 2005. Auken i talet på beslag viser at cannabis har minst like høg utbreiing som før, og at politiet framleis er svært merk-same på både omsetjing og bruk av stoffet.

Dei politidistrikta som har beslaglagt dei største mengdene med cannabis, er Oslo (717 kg), Østfold (173 kg), Romerike (94 kg), Hordaland (85 kg), Vestfold (69 kg) og Troms (62 kg).

Enkeltbeslag av cannabis over 70 kg

Politidistrikt	Mengd
Oslo	224 kg
Oslo	195 kg
Østfold	94 kg
Oslo	70 kg
Romerike	70 kg

Også i 2006 har det kome påstandar frå fleire hold om at inn-haldet av verkestoffet i cannabis (THC) har auka dei siste åra, og at dette gjer cannabis farlegare å bruke. Resultata frå analysane i 2006 og dei seinare åra, viser derimot at styrkegraden ikkje har endra seg noko vesentleg.

Berre i nokre svært få beslag av toppskot frå cannabisplanter har det vore eit klart sterkare innhald av THC. For hasjisj derimot – som dominerer både den europeiske og den norske marknaden – er gjennomsnittleg styrkegrad på om lag 7 %, slik det har vore i mange år.





Amfetamin/metamfetamin

– rekordstore mengder og hyppige beslag


Beslaglagd mengd amfetamin og metamfetamin for 2006 er større enn noko år tidlegare. Samla er det påvist 317,4 kg amfe-tamin fordelt på 5 025 beslag og 65,8 kg metamfetamin fordelt på 708 beslag. Dette er resultat som ruver både i nordisk og europeisk målestokk. Europeiske rapportar om metamfetamin dei siste år fortel at Noreg truleg er det tyngste nedslagsområdet i Europa, både med omsyn til dei beslaglagde mengdene og talet på beslag.

Det er i tillegg beslaglagt 4 005 amfetaminhaldige tablettar fordelt på 23 beslag, inkludert 370 tablettar (11 beslag) med medisinske preparat.


Innslaget av amfetamin og metamfetamin samanlikna med dei andre narkotiske stoffa, held seg på same nivå som i 2005, og desse to stoffa har den nest største utbreiinga i Noreg etter cannabis. Alle politidistrikta har gjort beslag av amfetamin og




Amfetamin tal beslag




Amfetamin beslaglagt mengd (kg)



Metamfetamin tal beslag



Metamfetamin beslaglagt mengd (kg)



metamfetamin i 2006, og 19 distrikt har gjort fleire beslag enn året før. Politidistrikta som har auka beslagstalet sitt med meir enn 30 %, er Gudbrandsdal, Vestoppland, Telemark, Agder, Sør-Trøndelag, Salten og Troms.

Politidistrikta som er registrerte med dei største mengdene amfetamin, er Oslo (146 kg), Østfold (55 kg), Romerike (43 kg), Agder (12 kg), Sør-Trøndelag (9 kg), Hordaland (7 kg) og Søndre Buskerud (7 kg). Dei største enkeltbeslaga med amfetamin er desse:

Enkeltbeslag av amfetamin over 15 kg

Politidistrikt	Vekt	Styrkegrad
Oslo	58,8 kg	18 %
Romerike	40 kg	Ikke analysert
Oslo	26 kg	32–36 %
Oslo	18 kg	Ikke analysert
Østfold	17 kg	14 %

Distrikta som har beslaglagt mest metamfetamin, er Oslo (20 kg), Østfold (18 kg), Telemark (6 kg) Follo (5 kg) og Søndre Buskerud (5 kg).

Enkeltbeslag av metamfetamin over 2 kg

Politidistrikt	Vekt	Styrkegrad
Østfold	14,6 kg	88 %
Oslo	9,32 kg	44 %
Telemark	4,95 kg	61–67 %
Søndre Buskerud	4,72 kg	67 %
Østfold	2,76 kg	73 %

Som i tidlegare år varierer styrkegraden på desse stoffa i alle typar saker. Gjennomsnittleg styrkegrad blei estimert til om lag 43 % for amfetamin og 55 % for metamfetamin.

Ecstasy

– middels mengder og noko fleire beslag

Mykje av den ulovlege trafikken med ecstasy nådde toppen ved tusenårsskiftet. Når det er sagt, blei det i 2006 like fullt beslaglagt drygt 28 000 tablettar fordelt på 389 beslag, noko som er ein markert auke frå 2005.

Samanlikna med andre stoff ser det likevel framleis ut til at ecstasy har ein langt mindre marknadsdel enn det som var situasjonen i perioden 1999–2003. I motsetning til perioden rundt tusenårsskiftet, då ecstasy blei registrert i alle politidistrikta her til lands, blei det i 2006 berre beslaglagt ecstasy i 17 politidistrikt. Samstundes har alle dei 17 politidistrikta gjort

fleire beslag i 2006 enn året før.

Politidistrikta som har beslaglagt flest tablettar, er Oslo (16 335), Sør-Trøndelag (3 453), Østfold (2 012), Vestfold (1 211) og Romerike (1 074).

Dei største enkeltbeslaga av ecstasy i 2006

Politidistrikt	Tal tablettar	Verkestoff	mg per tablett
Oslo	10 300	MDMA	128 mg
Oslo	3 260	MDMA	79 mg
Sør-Trøndelag	2 800	MDMA	27 mg
Oslo	989	MDMA	47 mg
Østfold	950	MDMA	77 mg





Benzodiazepin (BZD)

– svært store mengder og stadig fleire beslag

Over 1 million beslaglagde tablettar fordelt på 4 442 beslag gjev ei dobling i mengd og 13 % auke i talet på beslag på eitt år. Eit enkelt beslag utgjorde heile 498 500 valiumtablettar. Det er det suverent største enkeltbeslaget av BZD som nokosinne er gjort i Noreg. 21 politidistrikt har gjort fleire beslag i 2006 enn året før.

Beslag av BZD skjer svært ofte i kombinasjon med fleire andre rusmiddel som heroin, amfetamin og cannabis. Sjølv om BZD utgjør ein stor del av det samla talet på narkotikabeslag, er spreinga langt mindre enn i 2002 då det blei gjort over 8 000 beslag av BZD.

Også i 2006 har det skjedd store forskyvingar i beslagsfrekvensen mellom dei ulike BZD-stoffa. Ein markert tilbakegang i beslag av flunitrazepamhaldige tablettar er den fremste årsaka til dette. Diazepam blei også beslaglagt hyppigare enn flunitrazepam i 2005, noko som ikkje er registrert på meir enn 10 år. Dette har forsterka seg i 2006, både med omsyn til mengder og tal på beslag. Ein beslaglegg også oftare andre typar BZD enn tidlegare. Dette kan ha samanheng med at slike alternative lækjemiddel oftare blir skrivne ut no, sidan Rohypnol i dag ikkje lenger er registrert som lækjemiddel, og dermed ikkje lenger blir skrivne ut.



Endringane mellom dei ulike BZD-stoffa kan illustrerast ved å vise beslagsfordelinga i 2002 og 2006.

Stoff	Eksempel på lækjemiddel	Del av talet på beslag i 2002	Del av talet på beslag i 2006
diazepam	Valium, Stesolid	16,4 %	40,9 %
flunitrazepam	Rohypnol, Flunipam	71,4 %	19,8 %
clonazepam	Rivotril	4,0 %	12,8 %
oxazepam	Sobril	4,3 %	9,5 %
nitrazepam	Apodorm, Mogadon	2,0 %	8,0 %
alprazolam	Xanor	1,3 %	6,5 %
andre		0,6 %	2,4 %

Politidistrikta som beslaglegg flest tablettar av BZD, er Vestfold (512 574), Oslo (169 261), Agder (105 653), Romerike (89 957), Østfold (29 778) og Hordaland (17 169). Desse seks politidistrikta står for over 92 % av den samla beslaglagde mengda BZD.

Enkeltbeslag av BZD over 50 000 tablettar

Politidistrikt	Tal tablettar	Verkestoff
Vestfold	498 500	diazepam 10 mg
Oslo	87 650	diazepam (-)
Agder	52 800	diazepam 10 mg
Romerike	51 100	diazepam 10 mg

Kokain

– middels mengder og rekordmange beslag

Det blei gjort 708 beslag av kokain i 2006. Dette er det høgste talet på beslag av kokain som nokosinne er gjort i Noreg.

Beslaglagd mengd utgjør drygt 40 kg, og denne mengda ligg på normalnivået samanlikna med tidlegare år.

Det er verd å merke seg denne auken i talet på beslag. Både i absolutte tal og samanlikna med dei andre stoffa tyder alt på at kokain er meir utbreidd enn nokosinne. Dette vert underbygd av at kokain er registrert i alle 27 politidistrikt. Innslaget av kokain samanlikna med alle andre stoff har auka frå 0,5 til 2,8 % på 10 år. Samanheldt med det som vert rapportert av samfunnsvitskapeleg forskning, kan det sjå ut til at kokain vert brukt atskillig meir enn det beslagstatistikken gjenspeglar. Mykje tyder derfor på at kokain vert mykje brukt i miljø der politiet sjeldan eller aldri er til stades.


Den gjennomsnittlege styrkegraden på kokain har gått markert ned dei siste åra. For 10–15 år sidan var styrkegraden vanlegvis på 70 % eller meir. I 2004 og 2005 blei den berekna til ca. 50 %, mens den i 2006 er berekna til om lag 38 %. Dette har si forklaring i at leverandørar – truleg i Europa – tilsett stoff utan rusgivande effekt.

Politidistrikta som har beslaglagt størst mengder kokain, er Østfold (22,0 kg), Oslo (11,7 kg), Romerike (3,4 kg) og Søndre Buskerud (1,1 kg).


Enkeltbeslag av kokain over 1,5 kg:

Politidistrikt	Mengd	Styrkegrad
Østfold	15,64 kg	33 %
Østfold	4,5 kg	33–56 %
Oslo	2,0 kg	36–38 %
Østfold	1,66 kg	44 %
Østfold	1,64 kg	52 %

Kokain tal beslag



Kokain beslaglagt mengd (kg)



ANDRE STOFF

Khat

Den beslaglagde mengda khat i 2006 er på over 2,7 tonn fordelt på 220 beslag. Dette er på same nivå som i 2005.

Det er Romerike og Østfold politidistrikt som beslaglegg mest khat, og som saman med Oslo politidistrikt gjer dei fleste beslaga. Det er ikkje beslaglagt tørka khatblad i 2006.

Dei fire største beslaga av khat, med ei vekt på 72–102 kg, blei alle gjorde i Østfold.

LSD, opium og GHB

Beslagstala for LSD, opium og GHB er små, og ingen av våre data indikerer at desse stoffa har nokon veksande marknadsdel.

Stoff	Tal beslag	Beslaglagd mengd
GHB	72	4,3 liter
LSD	27	225 dosar
Opium	18	475 gram

Smertestillande, narkotikaklassifiserte medikament

Det er beslaglagt om lag 14 000 tablettar fordelt på 1 120 beslag. Erfaringsvis vil desse tala gå noko opp utover arbeidsåret. Det er i 2006 ikkje gjort spesielt store enkeltbeslag. Både talet på beslag og mengdene er i grove trekk på same nivå som tidlegare år. Informasjonen vi mottok, tyder på at sakene oftare og oftare gjeld ulovleg innførsel av lækjemiddel via internett-handel, men kvart beslag inneheld relativt få tablettar.

Først og fremst er det lækjemiddel som inneheld buprenorfin, kodein, metadon og morfin, som dominerer i statistikken, med ca. 97 % av dei samla beslaga.

Stoff	% av tal beslag	Samla tal tablettar
Buprenorfin	47 %	2900
Kodein	25 %	8500
Morfin	18 %	1800
Metadon	7 %	275 tablettar og einingar
Andre	3 %	418

Sjølv om metadon i dag vert nytta medisinsk i stor skala – over 4 000 pasientar hausten 2006 – har ikkje metadon nokon stor plass i beslagsbildet. Likevel meiner vi det er verdt å merke seg at talet på beslag av metadon er firedobla på 10 år.

Doping

Mengda dopingmiddel som er beslaglagt i 2006, er markant større enn det som har vore vanleg etter tusenårsskiftet. Men det er stort sett gjort like mange beslag som tidlegare år.

Uavhengig av stofftype ble det i 2006 samla beslaglagt om lag 567 000 medisinske einingar fordelt på 667 beslag. Det er i tillegg beslaglagt heile 3,4 kg reinstoff.

Våre data harmonerer godt med det samfunnsvitskapeleg forskning har konkludert med, nemleg at bruken av dopingmiddel er liten samanlikna med bruken av narkotika.

Ser ein på talet beslag utgjer anabol-androgene stoff (AAS) ca. 70 %, stimulerande dopingstoff 23 % og hormon 7 % av beslaga.

Tal narkotikabeslag fordelt på politidistrikt:

Politidistrikt	Cannabis	Amfetamin/me- tamfetamin	Kokain	Heroin	Benzodiazepin	Ecstasy
Oslo	2 522	1 037	268	432	995	71
Østfold	624	366	55	64	244	28
Follo	304	145	26	20	88	7
Romerike	672	277	51	36	251	36
Hedmark	221	137	5	22	69	15
Gudbrandsdal	91	46	6	5	11	3
Vestoppland	100	73	6	8	44	5
Nordre Buskerud	144	78	9	4	47	7
Asker og Bærum	503	213	47	53	183	15
Søndre Buskerud	381	315	42	39	216	22
Vestfold	620	308	47	28	271	20
Telemark	417	231	15	10	171	11
Agder	849	581	13	28	393	20
Rogaland	645	353	21	52	309	40
Haugaland og Sunnhordland	262	141	2	20	108	8
Hordaland	1 059	459	19	184	486	28
Sogn og Fjordane	74	26	1	3	17	1
Sunnmøre	208	122	12	6	99	6
Nordmøre og Romsdal	101	77	1	8	33	11
Sør-Trøndelag	589	284	20	13	185	17
Nord-Trøndelag	109	51	1	3	35	3
Helgeland	124	65	2	1	24	-
Salten	186	102	4	8	75	-
Midtre Hålogaland	85	32	4	-	14	3
Troms	262	141	22	31	49	8
Vestfinnmark	99	53	2	-	25	4
Østfinnmark	31	20	1	-	-	-
Sysselmannen på Svalbard	1	-	-	-	-	-
Totalt	11 283	5 733	702	1 078	4 442	389

■ NARKOTIKARELATERTE DØDSFALL

195 personar døydde som følgje av narkotikabruk i 2006.

Talmaterialet er basert på førebelse innrapporteringar frå politidistrikta. Statistikken gjeld både tilfelle av akutt forgifting (overdose) og dødsfall som kan setjast i samanheng med misbruket til den avlidne.

Svært mange av dødsfalla kjem av blandingsmisbruk.

22 av 27 politidistrikt har meldt om narkotikarelaterte dødsfall i 2006. Oslo hadde flest (72), og dette utgjer om lag 37 % av dødsfalla. Dei avlidne fordeler seg på 152 menn og 43 kvinner.

Politidistrikt med meir enn fem narkotikarelaterte dødsfall i 2006:


Oslo	72
Hordaland	18
Rogaland	15
Søndre Buskerud	15
Østfold	12
Agder	7
Vestoppland	7
Asker og Bærum	6
Nordmøre og Romsdal	6
Hedmark	6

Beslaglagt mengde fordelt på politidistrikt:

Politidistrikt	Cannabis	Amfetamin/me- tamfetamin	Kokain	Heroin	Benzodiazepin	Ecstasy
	kilo	kilo	gram	gram	tablettar	tablettar
Oslo	717,2	167,1	11 744	23 073	169 261	16 336
Østfold	173,2	74,4	22 096	21 482	29 778	2 012
Follo	23,1	9,1	177	21	3 957	106
Romerike	94,0	44,3	3 410	1 016	89 957	1 074
Hedmark	22,6	0,9	2	102	3 816	298
Gudbrandsdal	2,0	0,2	3	6	400	72
Vestoppland	4,2	0,8	7	6	1 820	159
Nordre Buskerud	11,7	3,3	4	3	1 859	44
Asker og Bærum	31,0	3,4	283	57	6 807	288
Søndre Buskerud	8,8	12,0	1 155	38	9 971	621
Vestfold	69,5	7,1	268	88	512 574	1 219
Telemark	51,4	9,1	5	9	7 911	73
Agder	23,8	14,8	63	22	105 653	324
Rogaland	37,7	3,8	52	133	12 344	569
Haugaland og Sunnhordland	4,1	1,8	53	13	3 241	99
Hordaland	85,7	7,7	115	1 469	17 169	701
Sogn og Fjordane	3,6	0,1	1	1	1 142	12
Sunnmøre	6,7	1,3	15	17	2 935	47
Nordmøre og Romsdal	3,5	1,4	1	116	703	536
Sør-Trøndelag	45,2	10,5	343	290	7 441	3 453
Nord-Trøndelag	6,1	0,5	1	44 944	1 209	89
Helgeland	6,9	4,0	6	43	5 716	-
Salten	18,4	1,0	22	21	1 862	-
Midtre Hålogaland	4,1	1,1	69	-	154	18
Troms	62,3	3,2	391	82	4 678	110
Vestfinnmark	1,5	0,2	3	-	226	8
Østfinnmark	0,9	0,1	4	-	-	-
Sysselmannen på Svalbard	0,1	-	-	-	-	-
Totalt	1 519,3	383,2	40 293	93 052	1 002 588	28 268

Andre politidistrikt med narkotikarelaterte dødsfall er Salten (4), Sør-Trøndelag (4), Gudbrandsdal (4), Haugaland og Sunnhordland (4), Follo (3), Nordre Buskerud (3), Romerike (2), Telemark (2), Sunnmøre (2), Vestfold (1), Nord-Trøndelag (1) og Østfinnmark (1).

Politidistrikta Troms, Midtre Hålogaland, Sogn og Fjordane, Vestfinnmark og Helgeland har ikke meldt om narkotikarelaterte dødsfall i 2006.



Tal registrerte narkotikasaker fordelt på politidistrikt:

Politidistrikt	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Oslo	5 039	6 021	6 383	5 391	4 773	4 601	4 798
Østfold	875	1 179	1 358	1 120	957	1 060	1 234
Follo	672	676	646	532	502	498	425
Romerike	1 094	1 249	1 259	1 311	1 125	1 081	1 348
Hedmark	322	479	438	488	397	404	433
Gudbrandsdal	85	84	92	81	145	109	151
Vestoppland	133	166	186	142	144	132	204
Nordre Buskerud	224	199	230	240	263	234	277
Asker og Bærum	660	649	832	793	772	765	881
Søndre Buskerud	541	694	834	671	631	752	827
Vestfold	770	1 026	1 172	1 046	1 262	1 085	1 159
Telemark	628	733	787	718	610	517	745
Agder	982	1 253	1 404	1 263	1 034	1 265	1 569
Rogaland	1 068	1 270	1 431	1 122	1 171	1 167	1 257
Haugaland og Sunnhordland	302	405	456	408	481	473	508
Hordaland	1 474	2 010	2 480	1 838	2 008	2 113	2 131
Sogn og Fjordane	146	188	243	158	182	165	128
Sunnmøre	339	348	457	400	227	341	380
Nordmøre og Romsdal	217	240	227	200	270	225	214
Sør-Trøndelag	876	1 034	982	1 088	965	774	1 004
Nord-Trøndelag	177	239	243	176	213	198	189
Helgeland	132	196	158	134	184	219	208
Salten	249	278	322	212	238	269	331
Midtre Hålogaland	137	144	173	169	150	121	143
Troms	387	414	366	410	337	377	390
Vestfinnmark	118	101	108	122	122	148	169
Østfinnmark	82	71	50	66	78	71	54
Totalt i landet	17 845	21 392	23 370	20 294	19 251	19 212	21 356

